



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 362.1 og 335.2

Sak nr 08/2023

Møtedato: 24.4.23

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Fnr 194 – oppmåling av hyttetomt

Kommunen har sendt på høyring sak om dispensasjon etter PBL for oppretting av arealfeste for hyttetomt 94/1/194.

Vestre Slidre fjellstyre har tidlegare gjeve følgjande uttale ang VA-anlegg på denne eigedommen:

Sak 18/2022

Vestre Slidre fjellstyre er positiv til omsøkt VA-anlegg, såfremt dette er fagleg forsvarleg ut i frå nærleiken til vatn. Ein ber Statskog stille som vilkår ny arrondering på gjerde rundt hytta som og ivaretek stølsjorde S647, og at ein tek tak i slike bryggeanlegg dersom dette ikkje er godkjent.

No gjeld saka oppmåling av tomt pga overgang til arealfeste. Denne tomta ligg og inne på eit stølsjorde, slik at dette er ikkje ei «enkel» sak som tas delegert.

Fjellstyret var på synfaring på denne tomta i juni 2022. Det var då sett på arrondering av hyttetomt opp i mot stølsjorde. Førebels konklusjon ved synfaring var at stølsjordet burde justerast slik at hytta kjem utanfor stølsjordet. Vidare konkluderte fjellstyret med at VA-anlegg måtte plasserast såpass langt unna vasskanten at dette ikkje hindrer fri ferdse. Det er krav til 10 meter avstand for plassering av infiltrasjonsgrøft, jfr representant for Røn VVS som var på synfaring. Dette kravet burde da og gjelde for tomtegrense samt.

Sett ut i frå arrondering på stølsjordet 94/1/647 (Reien), burde det ikkje vere til hinder for landbruksdrift om denne hyttetomta vert oppmålt med arealfeste, der dette vert plassert utanfor stølsjordet.

Det vil heller ikkje vere andre vesentlege beiteinteresser i området som vil vere negativt berørt.

Det er imidlertid andre forhold som bør tas opp når denne tomta evt skal målast opp:

- Ulovleg plassert bryggeanlegg openbart tilhøyrande hytta

Det bør setjast krav i evt kommunalt løyve at før oppmåling kan skje må bryggeanlegget rivast og alle terreng tilpassingar tilbakeførast til opphavleg terreng.

Dette tiltaket er ført opp innanfor plan- og bygningsloven i virketid jfr eldre flyfoto, og fjellstyret kan ikkje sjå at vi er høyrte om dette tiltaket. Dersom det ikkje finst godkjent vedtak i kommunens register må dette rivast.

Framlegg til vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er positiv til oppmåling av hyttetomt 94/1/194 med areal inntil 1000 m2 jfr skisse i tilsendt søknad. Vilkår er at tomt vert plassert minst 10 meter frå vasskanten v/ vanleg vassføring. I tillegg er det ein føresetnad at ulovleg plassert bryggeanlegg vert fjerna før oppmåling.

Behandling:

Åshild Reien spurte seg inhabil pga nært slektskap med nærliggande støl. Enstemmig vedtak om at Åshild Reien fratrer pga inhabilitet, jfr Forvaltningsloven § 6 b

Nytt tilleggsforslag:

Gjerding for stølsjordet endres ikkje, slik at evt nytt gjerde kring hytta gjer at det uansett vert ei goto mellom hyttetomta og stølsjordet.

Vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er positiv til oppmåling av hyttetomt 94/1/194 med areal inntil 1000 m2 jfr skisse i tilsendt søknad. Vilkår er at tomt vert plassert minst 10 meter frå vasskanten v/ vanleg vassføring. I tillegg er det ein føresetnad at ulovleg plassert bryggeanlegg vert fjerna før oppmåling.

Gjerding for stølsjordet endres ikkje, slik at evt nytt gjerde kring hytta gjer at det uansett vert ei goto mellom hyttetomta og stølsjordet.

Vedtaket er samrøystes.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.04.2023

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift: Statskog
Hytt-eigar (Fnr 194)
Stølsbrukar (Fnr S 647)
Vestre Slidre kommune